



Astrid og Magnar Askeland  
Rosslundvegen 293  
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2454 - 16/19247

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

07.10.2016

## Godkjenning - GBNR 22/4 - Arealoverføring - Mjåtveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 322/2016**

**Tiltakshavar:** Astrid og Magnar Askeland  
**Søknadstype:** Søknad om arealoverføring frå gbnr. 22/4 til gbnr. 22/127, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m).

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Astrid og Magnar Askeland har søkt om løyve til overføring av eit areal på om lag 230 m<sup>2</sup> frå gbnr. 22/4 til gbnr. 22/127.

Gbnr. 22/4 har eit samla areal på om lag 272,8 daa. Det omsøkte arealet er ein del av ein teig på om lag 58,4 daa. Delar av det omsøkte arealet er regulert til bustad i reguleringsplan for Mjåtveitmarka, planid: 125620060002, medan resten er satt av til framtidig bustadbygging i arealdelen til kommuneplanen. Arealet som er søkt overført er markert på vedlagte situasjonskart, journalført motteke 30.9.2016.

Vi viser elles til søknad journalført motteke 30.9.2016 og forstår søknaden slik at den også inneheld rekvisisjon av oppmålingsforretning.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla ettersom det ikkje berører naboar eller gjenbuarar, jf. pbl § 21-3 andre ledd. Administrasjonen har ingen merknadar til dette.

#### Lov- og plangrunnlag:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Endring av eigedomsgrenser er «tiltak» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter pbl § 20-1 bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at tiltaket «må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.»

Delar av det omsøkte arealet er regulert til bustad i gjeldande reguleringsplan for Mjåtveitmarka. Frådeling er dermed ikkje i strid med gjeldande arealformål for denne delen av arealet, jf. pbl § 26-1.

Resten av det omsøkte arealet er satt av til framtidig bustadbygging i arealdelen til kommuneplanen (KPA), der føresegn 1.2.1 til KPA stiller plankrav. Ettersom arealet er omfatta av mindre reguleringsendring og utviding av planområde, som Utval for drift og utvikling skal ta stilling til i møte den 25.10.2016, kan administrasjonen ikkje sjå at det kan krevjast ytterlegare regulering. Vår vurdering er difor at det ikkje er nødvendig med dispensasjon frå plankravet i føresegn 1.2.1 til KPA i dette tilfellet. Frådeling av arealet som er satt av til framtidig bustadbygging i KPA er difor heller ikkje i strid med gjeldande arealformål i KPA, jf. pbl § 26-1.

#### Tilknytning til infrastruktur:

Søknad om arealoverføring endrar ikkje eksisterande tilhøve knytt til infrastruktur i dette tilfellet. Administrasjonen legg difor til grunn at vassforsyning, avlaup og tilkomst vert privatrettslig sikra før det blir gitt løyve til oppføring av bustad på gbnr. 22/127.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-4, jf. §§ 20-2 og 20-1 bokstav m), løyve til overføring av areal frå gbnr. 22/4 til gbnr. 22/127 som vist på vedlagte situasjonskart.*

*Arealet som skal overførast er på om lag 230 m<sup>2</sup>, men nøyaktig storleik samt grensene mellom eigedomane vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.*

*Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf. pbl § 21-9.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart

**Mottakere:**

Astrid og Magnar Askeland

Roslandvegen 5918  
293

FREKHAUG

Tone og Noralv Askeland

Blekebakkvegen 3725  
26

SKIEN